

**Sluttrapport for
BIBSYS Biblioteksystem i Semantisk Web**

Prosjektnummer:	Sak nummer:	
Handsama dato:	Handsama av / Prosjekteigar:	Utarbeidd av:
14. oktober 2016	Jone Thingbø	Jan Erik Garshol
Vedtak:		
Godkjend		
Signatur (prosjekteigar)		
Prosjektbestiller og -eigar: Jone Thingbø, Seksjonssjef for Produkteiere i BIBSYS		

1. Kort oppsummering av prosjektet

Sitat frå fyrste styringsgruppemøte datert 12. februar 2015. :

«Biblioteksystemkonsortiet forvalter verdifulle informasjonsressurser som understøtter utdanning og forskningsprosessen. Med et voksende informasjonssamfunn og modernisering av offentlig sektor, er det behov for å ta i bruk nye metoder og verktøy for å tilby studenten og forskeren denne kunnskapen på en effektiv og kvalitetssikker måte. Det er mye som tyder på at semantisk webteknologi kan bidra til å øke relevansen og verdien av bibliotekbasen og andre datasett som bibliotekene forvalter.

(...) Høsten 2014 leverte BIBSYS sammen med universitetsbibliotekene ved UiO, UiB, UiT og NTNU inn en søknad til NB om prosjekt og utviklingsmidler for 2015. (...)

Søknaden er behandlet og innvilget støtte på kr. 845.000,- i 2015. Spesielle føringer fra Nasjonalbiblioteket er et ønske om at Nasjonalt autoritetsregister for person- og korporasjonsnavn er en identifisert delmengde, også i RDF-versjon. I tillegg ønsker NB at prosjektet vurderer behov knyttet til utvikling av et verksregister.»

2. Har ein nådd prosjektmåla?

Prosjektet har oppnådd alle ynska mål, inkludert Nasjonalbibliotekets tilleggsynske om etablering av eit verksregister. Måla er primært oppnådd gjennom ein pilot implementasjon, som står i produksjon og kan nyttast av alle. Piloten er tilgjengeleg på <https://livedata.bibsys.no>. Det er vert å presisere at dette er ein pilot, laga med intensjon å kunne bli ein teneste i fullskala produksjon. Den har fleire vesentlige manglar, som vil krevje vidare arbeid, men det som er etablert har tilstrekkelig kvalitet. Der er ikkje behov for å forkaste noko eller gjer om på noko av vesentlig karakter.

I prosjektplanen er det lista opp 6 ulike mål, dei blir her gjentatt med ein kort kommentar:

1. **Hauste gjenbruk av mange års bibliografisk arbeid og leggje til rette for gjenbruk i nye kontekstar.**

Piloten (levert av dette prosjektet) tilbyr alle ein enkel tilgang til å hente større eller mindre delar av bibliografiske data, på ein enkel og standardisert måte – for gjenbruk i 3. part løysningar.

Både Marcus ved UiB, Oria og mobil-app ved UiO har demonstrert slik bruk av bibliografiske data frå piloten sitt dataaggregat, til dømes under BIBSYS-Konferansen 2016 og IGeLU 2016.

2. **Rydde i eksisterande data, som følge av konvertering av dagens data.**

Ved å bryte opp bibliografiske postar til sjølvstendige dataelement og lagre desse, så får vi tilgang til å sjå på heilheita frå eit nytt perspektiv. Dette gjer at ein enklare kan finne, og rette, feil i registrerte data. Til dømes variantar på skriveform av emne eller tittel. Det at alle dataelementa ligg lagra som atomære ein heitar (og ikkje som samansette postar), legg til rette for til dømes enklare innføring av autorisering av dataelement og sats-vis retting av enkelte dataelement.

3. **Betre sluttbrukartenestar.**

Dei omtalte demonstrasjonane av bae Marcus og Oria, viser at piloten understør betre sluttbrukartenestar. Men, det viktigaste med piloten er at den tilbyr våre bibliografiske data til nye brukargrupper ved å nytte *ny teknologi* – som er vesentlig enklare å ta i bruk. Dette ser vi best i dømet med mobil-app frå UiO. Piloten tilbyr også dei same data på 4 *ulike format*, slik at det er utviklaren som vel format – etter ynskje og/eller behov. Ved å stø utviklaren på ein optimal god måte, lar vi utviklaren halde fokuset på

å levere eit godt sluttprodukt – til sluttbrukaren. Dette krev at piloten tilbyr ein godt tilpassa *plattform for leveranse av data* på rett format, med rett innhald, til rett tid - som spesifisert av utviklarar av sluttbrukar tenesta.

4. **Strukturere bibliografiske data slik at dei kan bli forstått og brukt av maskiner.**
Prosesen med å dele opp bibliografiske postar til atomære einingar inneheld ein del «vasking» av originaldata. Denne vaskinga er ikkje uproblematisk, da det vil bety ein viss endring (reduksjon?) av datakvaliteten. Utfordringa ligg i skjeringspunktet mellom biblioteks-faget og IT-faget. Det kan enkelt konkretiserast ved eit døme; bibliotekarar katalogiserer årstall (i 260 \$c) ved bruk av både tall, bokstavar og symbol, (til dømes “cop. 2016”). Datamaskiner forventar at årstall er tall. Vist data skal vere lett tilgjengeleg for (andre utanforståande) utviklarar, så må årstall vere kunn tall. Eit anna element er at piloten lar utviklarar få tilgang til utgivarårstall ved å spørje etter <http://purl.org/dc/elements/1.1/issued>. Det er langt på veg sjølvforklarande og ein de facto standard på web, eller ein kan trykke på lenka og lese seg opp på kva dette er for noko. Utviklarar treng ikkje å forholde seg til det noko meir ukjente «260 \$c» i ein heil post og kva for ein versjon av MARC-formatet som er brukt i den enkelte database. Dette med ulike MARC-format er svært relevant da data ofte blir samanstilte frå mange ulike kjelder. Dermed må ein gjerne handsame fleire ulike MARC-format samtidig, frå ulike kjelder – ved samanstilling av data – for å levere ein sluttbrukarteneste. Til dømes ved ein treffliste i Oria – som søker i mange ulike data kjelder.
5. **Syrke bruken av BIBSYS Autoritetsregister for Person og Verk (eventuelt også Emne).**
I piloten blir alle autoritetsdata frå BIBSYS tilgjengeleg (men kunn utvalte delar av dei bibliografiske data). Dermed er piloten ein fullverdig kjelde for bruk av autoritetsdata frå BIBSYS – noko som senker terskelen for at desse data skal bli tatt i bruk – også innan nye område/tenester. Prosjektet har etablert eit forslag til Verksregister, basert på maskinell omarbeiding av både autoritets- og bibliografiske data, etter konvertering til piloten. Dette Verks-autoritetsregisteret finnes dermed kunn i piloten. Det forgår eit samtidig arbeid i BIBSYS, i tett dialog med Nasjonalbiblioteket og UiO, for å etablere ein vidareføring av emne-autoritetsregisteret - etter overgang til nytt biblioteksystem. BIBSYS ser store fordelar med å etablere eit nytt emne-autoritetsregister, med verks-autoritetsregisteret som mal, gjerne i piloten. På sikt vil ein kunne hente ut både økonomiske og teknologiske fordelar ved å nytte piloten som original datakjelde («masterdata») på alle autoritetsregistre og dermed kunne sanere bort eldre teknologiplattformer.
6. **Økt kompetanse i personalet (innan RDF, Linked Data og Semantisk Web).**
Det er prosjektleiarar erfaring at alle involvert i prosjektet har fått økt kompetanse innan ynskja områder. Prosjektet har aktivt søkt denne kompetansen igjennom både å trekke inn eksterne, til dømes tilsette frå Deichmann og leid inn IT-konsulentar, og ved å delta på ulike konferansar og workshops. Det er gjennomført mange heildags møter i prosjektgruppa, der det har vore livelige diskusjonar og det har vore felles arbeid med ulike tekstlige leveransar frå prosjektet.
Prosjektet har delt denne kompetansen med andre i sektoren ved å:
 - i) dokumentere mykje i ulike leveransar frå prosjektet, sjå vedlegg til dette dokumentet
 - ii) publisere ein artikkel i Bok og Bibliotek (2015-08), der vi informerte om prosjektet
 - iii) gjennomføre ein workshop dagen før BIBSYS Konferansen 2016 – med godt oppmøte
 - vi) delta på BIBSYS-Konferansen 2016 med eit innlegg frå prosjektet
 - v) delta på IGeLU 2016 med fokus på leveransar frå prosjektet

Fleire av prosjektdeltakarane vidareføre vinstar frå prosjektet ved å aktivt delta i arbeidet med å etablere både verks- og emne-autoritetsregister, utanfor prosjektets levetid.

3. Produkt frå prosjektet

Der er tre hovudleveransar frå prosjektet; pilot, kompetanse og dokumentasjon – i prioritert rekkjefylgd. Piloten er eit stykke programvare som står i ein beta-produksjonsfase. Alle kan nytte den og den krev ikkje noko meir arbeid – for å gi verdi. Alle som har vore med i prosjektet har fått ny kompetanse, den må brukast for at den skal gi noko verdi. Det er produsert ein del dokumentasjon, spesielt i forarbeid for etableringa av piloten, som gav oss grunnlag til å kunne kravstille og realisere piloten. Denne informasjonen kan nok andre ha nytte av:

1. [Interessentanalyse](#)
Ein samanstilling av personar og organisasjonar som blir påverka av prosjektet – og korleis prosjektgruppa har valt å prioritere sine ressursar i lys av desse.
2. [Brukstilfelle](#)
Ein samanstilling av kva interessentar og brukargrupper prosjektgruppa har valt å fokusere på
3. [Artikkel og workshop](#)
Lenkje til artikkel og agenda for workshop
4. [Informasjonskjelder](#)
Oversikt over ulike datakjelder, primært hjå prosjektdeltarane sine institusjonar, som prosjektet ser nytte av å kople opp mot innhaldet i piloten og som i dag ikkje er ein del av biblioteksystemet
5. [Pilot](#)
Ein oppsummering av nokon tankar og val for etablering av piloten, og oversikt over kva piloten inneheld
6. Sluttrapport
Dette dokumentet.

Det er prosjektleiar sin oppfatning at prosjektet har levert fullstendig på alle punkt.

4. Milepælar i prosjektet

Jamfør prosjektplanen så starta arbeidet på leveranse 1, 4 og 5 i etterkant av første prosjektmøte, gjennomført den 27. mars 2015. På andre prosjektmøte den 19. mai var interessentanalysen (leveranse 1) godkjent av prosjektgruppa som ferdig. På tredje prosjektmøte den 25. juni vart oversikten over brukstilfelle (leveranse 2) godkjent av prosjektgruppa. Artikkelen (leveranse 3) vart publisert i august utgåva av «Bok og Bibliotek» 2015.

Etter sommarferien vart det gjennomført eit web-møte den 27. august og eit fysisk møte den 27. oktober der det vart arbeid med Informasjonskjelder (leveranse 4), samt gitt innspel til prosjektleiar – som på dette tidspunkt hadde starta arbeidet med å etablere piloten, med innleidd bistand frå ekstern utviklar. Piloten vart ferdig i mars 2016 – rett før workshop den 16. mars og BIBSYS Konferansen 2016. I sluttspurten vart det også nytta utviklarar frå BIBSYS, for å bidra til å bygge relevant kompetanse for eventuell vidare utvikling av piloten innomhus.

Prosjektleiar hadde planlagt å avslutte prosjektet i løpet av april 2016, men det har vorte arbeid med prosjektet til hausten 2016. BIBSYS har nytta både resten av budsjettet, etter avslutta prosjekt rekneskap og noko biblioteksystemmidlar til å utvide omfang og kvalitet på piloten og data aggregatet, i tilknytning til IGeLU 2016.

5. Anbefalingar frå prosjektgruppa

Piloten er eit nav som primært skal bidra til å harmonisere ulike tilgrensande system. Det er ikkje eit mål å duplisere eller sentralisere data. Prosjektgruppa anbefaler at satsingane på semantisk web vidareførast og at piloten vidareutviklast som en regulær teneste i BIBSYS teneste portefølje som tilby konsortiet. Det anbefalast at konsortiet opnar for at Oria får tatt i bruk tenesta for å tilby betre post presentasjon og vidareutvikle dewey navigasjon.

Piloten tilbyr eit grensesnitt for presentasjon av forfattarar med oppstilling av alle verk og førekomstar av desse. Dette er ein visualisering av Autoritetsregister for Person, som Nasjonalbiblioteket lenge har etterlyst, og som i dag er søkt løyst ved å tilby søk i Autoritetsregister for Person frå Oria. Prosjektgruppa anbefaler at Oria helder tilbyr søk og visualisering av piloten sine samansette data, der Autoritetsregisteret for Person er kopla til relevante data frå biblioteksystemet.

Datagrunnlaget i piloten gir eit godt grunnlag for å lage ulike visualiseringar der ulike sluttbruker grupper enkelt kan få tilgang til å søke/utforske/bla seg fram til ønsket funksjon tilknytt biblioteks relaterte data, gjerne via ein portal løysning ala den piloten realiserer eller som tillegg til Oria.no. Prosjektgruppa oppfordrar at konsortiet vidarefører denne tanken om ein felles plattform for ulike sluttbruker tenesta, der datagrunnlaget blir delt og vedlikehaldet.

Nasjonalbiblioteket har tatt initiativ til at verk skal blir ein del av BIBSYS Autoritetsregister. Prosjektgruppa anbefaler at også emne (emneord og klassifikasjon) blir integrert på lik linje med andre eksisterande autoritetar i same verktøy (autoritetsregisteret). BIBSYS Autoritetsregister bør publiserast via eit SPARQL-endpoint for offentlig bruk og det bør bli vedlikehalde på lik linje med biblioteksystemet.

Prosjektgruppa anbefaler at alle data som blir del av datagrunnlaget i piloten blir opent tilgjengelig under CC-BY 4.0 lisens - ein lisens som sikrar fri og open bruk av data - for alle: <https://creativecommons.org/licenses/by/4.0/>

Det er viktig at ein her skil mellom det som er del av modellen, og det modellen peiker vidare til. Modellen inneheld mange referansar til eksternt innhald, som vi verken kan eller skal dele, under ein gitt lisens. Til dømes innhaldsliste og samandrag på bibliografiske postar. Mykje av dette materialet er delt under andre lisensar, noko som er med på å auke utfordringar rundt gjenbruk av data generelt og dette aggregatet spesielt. Det er av stor verdi om vi kan dele (den aggregerte) modellen under **ein open lisens**. Dette gir oss ein viktig føring på vidare arbeid, alt som da skal bli ein del av denne modellen, må nytte den same lisensen. Det er ikkje trivielt å realisere dette, da vi nok vil måtte halde relevante data ute av modellen - noko som vil redusere verdien og nytten - som følge av manglande vilje/evne til å dele data opent. Sett frå ein sluttbrukar i eit system som nyttar datagrunnlaget, så kan skillet mellom *del av modellen* og *referert til frå modellen* vere usynlig.

Vedlegg

1. Prosjektplan
2. Avslutta rekneskap
3. [Interessentanalyse](#)
4. [Brukstilfelle](#)
5. [Artikkel og workshop](#)
6. [Informasjonskjelder](#)
7. [Pilot](#)

Prosjektplan

«BIBSYS Biblioteksbase i Semantisk Web»

Behandla dato: 5. juni 2015	Behandla av: Styringsgruppe	Utarbeidd av: Jan Erik Garshol
Avgjerd: Prosjektplanen er godkjent.		
Mannskap for neste fase: Prosjektgruppe (som definert i dette dokument, sjå punkt 10.1)		Neste fase ferdig: Ikkje tidfestet enda
Prosjektbestillar: Nasjonalbiblioteket	Prosjekteigar: Jone Thingbø	Prosjektleder: Jan Erik Garshol

Innhold

1	Om dette dokumentet.....	8
1.1	Endringslogg	9
1.2	Distribusjonslogg	9
2	Bakgrunn og grunngjeving for prosjektet.....	10
2.1	Noverande situasjon.....	10
2.2	Framtidig situasjon	10
2.3	Føremålet med prosjektet.....	11
3	Mål.....	12
4	Rammeføresetnader	13
5	Produkt frå prosjektet	13
6	Avgrensing og flaskehalsar for prosjektet	13
6.1	Avgrensingar.....	13
6.2	Flaskehalsar	14
7	Vurdering av dei usikre sidene ved prosjektet.....	15
8	Val av alternativt og kost/nytte-vurdering.....	15
8.1	Alternative løysningar/konsept.....	15
9	Grov tidsplan og milepælar	16
10	Organisering, roller og ansvar	16
10.1	Prosjektorganisering.....	16
10.2	Skildring av rollene	17
11	Interessentar/Målgrupper.....	17
11.1	Kommunikasjonsstrategi.....	17
12	Budsjett	17
12.1	Finansiering	17
12.2	Planlagde kostnader	18
13	Toleransar.....	19
14	Kostnadsoverslag.....	19
15	Midlertidig regnskap	20

1 Om dette dokumentet

Dette dokumentet brukast innleiingsvis som eit prosjektforslag. Då beskrivas de ulike punkt på eit overordna nivå. Dersom prosjektforslaget blir godkjent, vidareutviklas dokumentet til ein

prosjektplan gjennom ein ytterligere utgreiing av punkta. Tidligere versjonar av prosjektforslaget arkiveras med tydelig versjonskontroll og datomerking.

I dette dokumentet blir Semantisk Web brukt som eigennamn, på lik linje med Internet, og skal dermed ha stor forbokstav og er i eintal. Der er kunn eit Internet og Semantisk Web er eit aspekt av Internet.

1.1 Endringslogg

Versjon	Dato	Endring	Produsent av	Godkjent av
0.1	18.02.15	Dokumentet blir skipa	Jan Erik Garshol	Jone Thingbø
0.2	18.05.15	Gjennomlesing før utsending	Jone Thingbø	
0.3	25.06.15	Justeringar for godkjenning	Jan Erik Garshol	Styringsgruppe
0.4				

1.2 Distribusjonslogg

Versjon	Dato	Namn
0.2	18.05.15	Styringsgruppa
0.3		Styringsgruppa og prosjektgruppe

2 Bakgrunn og grunngjeving for prosjektet

Sitat frå fyrste styringsgruppemøte datert 12. februar 2015. :

«Biblioteksystemkonsortiet forvalter verdifulle informasjonsressurser som understøtter utdanning og forskningsprosessen. Med et voksende informasjonssamfunn og modernisering av offentlig sektor, er det behov for å ta i bruk nye metoder og verktøy for å tilby studenten og forskeren denne kunnskapen på en effektiv og kvalitetssikker måte. Det er mye som tyder på at semantisk webteknologi kan bidra til å øke relevansen og verdien av bibliotekbasen og andre datasett som bibliotekene forvalter.

BIBSYS har mottatt flere henvendelser fra konsortiet om at tiden er inne til å legge til rette for den semantiske web. Det har blitt drøftet i Rådgivende Gruppe noen ganger, hvor BIBSYS har blitt oppfordret til å jobbe videre med dette. Det ble foreslått at vi kunne søke NB om utviklingsmidler. Høsten 2014 leverte BIBSYS sammen med universitetsbibliotekene ved UiO, UiB, UiT og NTNU inn en søknad til NB om prosjekt og utviklingsmidler for 2015. UiB er oppført som søker, hvor de andre institusjonene er oppført som samarbeidspartnere. Selv om det kun er de 4 gamle UBene og BIBSYS som er søkere, vil dette være et prosjekt for hele konsortiet.

Søknaden er behandlet og innvilget støtte på kr. 845.000,- i 2015. Spesielle føringer fra Nasjonalbiblioteket er et ønske om at Nasjonalt autoritetsregister for person- og korporasjonsnavn er en identifisert delmengde, også i RDF-versjon. I tillegg ønsker NB at prosjektet vurderer behov knyttet til utvikling av et verksregister.»

I 2011 -2012 vart det gjennomført eit prosjekt, «Rådata nå!»¹, som realiserte ein RDF-versjon av Autoritetsregisteret for Person. Det er naturlig å oppfatte dette nye prosjektet som ein naturlig vidareføring «Rådata nå!». Omfanget er no større, både på dataomfang og på leveransar – og det ligger føringar i dei etterspurte leveransen om vidare arbeid innan området – også etter at dette prosjektet er avslutta.

2.1 Noverande situasjon

BIBSYS Bibliotekbase blir i 2015 eksportert til ExLibris Alma og vil der bli vidareført for å understøtte tradisjonelle og nye bibliotekstenester. Det er uklart når og i kva omfang Alma vil understøtte andre typar tenestar som ønske å nytte data frå Bibliotekbasen, da spesielt på RDF-format.

Eit anna element som er utfordrande er fokuset på ein heil post i dei tenester som er tilgjengelige i dag. Dagens standardar, til dømes Marc- eller Dublin-Core-baserte, har heile posten i sitt fokus. Dermed må ein tredjepart handsame meir data, med tilhøyrande økt kompleksitet, enn det vedkommande har ønske om å bruke – ofte kunn eit del-felt. Dette auke både nettverkslast og kodebase i tredjepart teneste.

2.2 Framtidig situasjon

Prosjektet skal levere ein pilot som viser korleis ein publiseringsplattform for bibliografiske data med eit graf fokus kan fungere. Det er lagt to prinsipp til grunn for piloten:

1. Data skal hentast frå masterdata kjelder i størst mulig grad i sann tid
 - a. RDF representasjonen skal ikkje vere ein masterdata kjelde

¹ http://www.bibsys.no/files/out/linked_data/autreg/

- b. Fokuset er på å kombinere relevante data, for å kunne tilby eit meir komplett dataomfang (utan at alle detaljar er på plass, frå alle datakjelder!)
- 2. Tilby bibliografiske data på (slutt-)brukars premissar
 - a. Favorisere tilgang til utvalte dataelement, framfor heilheita til formater brukt i masterdata kjelda
 - b. Tilby dataelement på (slutt-)bruker sitt ønsket format, for å understøtte enkel og rask utvikling av nye tenestar

Om piloten skulle bli ein permanent teneste, så kan den så klart også fungere som masterdata kjelde, jamfør 1 a) over, men ein pilot kan ikkje ha det ansvaret.

Aggregatet av bibliografiske data i piloten vil bestå av dataelement frå:

- 1. BIBSYS Bibliotekbase
 - a. ExLibris Alma er master for denne databasen. Tilgang til relevante data via OAI-PMH er ein for utsetting for prosjektet.
- 2. Autoritetregister for Person, Verk, Emne og Korporasjon
 - a. BIBSYS Autoritetregister er alt masterdata kjelde for person og korporasjon
 - b. Piloten vil anta at BIBSYS Autoritetregister også inneheld Verk og Emne
 - c. Piloten antar vidare at Person inneheld ISNI, ORCID og eventuelt FEIDE-ID, da desse vil bidra som nøklar for vidare formidling i ein RDF-representasjon
 - d. Piloten vil jamfør pågåande arbeid hjå både UiO, UiB og NB rundt HUMORD og Dewey prøve å støtte desse
 - e. Piloten vil om nødvendig etablere eit minimum for å etablere ein illusjon av at desse omtalte informasjonselement finnes i BIBSYS Autoritetregister – om det blir nødvendig.

Det bør etablerast tenester for å halde omtalt informasjonselement oppdatert jamfør dei respektive master databaser. Piloten vil etablere tenestar for å hente ut heile eller delar av innhaldet. Tenestene vil være tilgjengelige for alle interessentar, om det er formålstenleg. Spesielt krav til sikkerheit kan medføre behov for å redusere tilgang for allmenneiga.

Prosjektet planlegger leveransar jmf prosjektsøknad med innspel gitt frå NB og styringsgruppa. Prosjektgruppa har godkjent to dokument som oppfyller krav omtalt som leveranse 1 og 2. Desse dokumenta ligger på delt dokumentområde som alle prosjektdeltakarane har tilgang til.

2.3 Føremålet med prosjektet

Aggregatet av bibliografiske data skal bli lett tilgjengelig for alle som ønska å nytte desse. Både på eit RDF-format igjennom eit grensesnitt som er tilpassa dagens arbeidsmetodar, ved tenesteutvikling innan IKT-området og andre format som blir prioritert i piloten. Omfanget på formatstøtta blir langt på vei bestemt av teknisk val av løysing, men det vil bli forsøkt levert data på fleire format til sluttbrukar.

Piloten skal i større grad tilby enkeltelement og la brukaren av tenestene avgjere komposisjonen som blir tilbydt sluttbrukaren. Dette for at samanstillinga av sluttbrukartenestar blir enklast mogleg.

3 Mål

Nivå	Skildring	Kjenneteikn for framgang
Verksemdsmål (overordna strategi)	<ol style="list-style-type: none"> 1. Dele for gjenbruk og nyttegjøre nedlagt arbeid 2. Hauste gjenbruk av mange års bibliografisk arbeid og leggje til rette for gjenbruk i nye kontekstar 3. Rydde i eksisterande data, som følge av konverteringa av dagens data 4. Betre sluttbruker tenestar 5. Strukturere bibliografiske data slik at dei kan bli forstått og brukt av maskiner 6. Styrke bruken av BIBSYS Autoritetsregister for Person og Verk (evt. Emne) 7. Økt kompetanse i personalet (innan RDF, Linked Data og Semantisk Web) 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Tilby Bibliotekbasen på eit moderne format 2. Legge til rette for bruk av delelementer og ikkje kunn heile poster 3. Bruke autoritetregisteret i piloten 4. Evne å levere piloten
Verknadsmål (vinstar som blir søkt realisert)	<ol style="list-style-type: none"> 1. Betre forståing av Bibliotekbasen sine interessantar og kva dei ynske av endringar i innhald og tenester. 2. Betre forståing av korleis ein RDF-representasjon av Bibliotekbase, med eller utan tillegg, kan understø nye tenestar. 3. Auke kunnskapen innan norske fag- og forskingsbibliotek om kva bibliotekbasen i Semantisk Web gir av nye moglegheiter. 4. Betre forståinga av kva andre informasjonsressursar som UH-biblioteka forvaltar og vise kvifor fleire av dei bør bli ein del av den Semantiske Web og eventuelt også bibliotekbasen. 5. Etablere ein ny kapasitet som tilbyr informasjon frå bibliotekatalogen på nye format, ved å lansere ein pilot som tilbyr ein utvida bibliotekbase, med lenkjer til den Semantisk Web. 6. Betre sannsynet for at Rådgivande Gruppe har eit godt grunnlag for å slutte kva vidare arbeid som bør søkast realisert, innan den Semantiske Web og bibliotekbasen. 	Kvar av desse 6 punkta har ein egen leveranse, meir omtalt i kapittel 5.

4 Rammeføresetnader

Styringsgruppa har nedsett ein representativ Prosjektgruppe, som har kompetanseheving som viktigaste prioritet. Det skal arbeidast med å avdekke og dokumentere nye behov og det skal leverast ein pilot. Leveranse evna til prosjektgruppa blir påverka av stor geografisk spreiding og antatt lav arbeids intensitet over relativt lang tid. Det er antatt at kvar enkelt prosjektdeltakar kan bidra i storleik av 2 månadsverk fordelt over 12 månadar, eller om lag 16% stilling.

Prosjektgruppa ynske derfor å prioritere tilgjengelig arbeidstid innanfor kompetanseheving og arbeid med nye behov. Arbeid med etablering av teknisk plattform blir søkt satt bort i størst mulig grad. For utsett leveranse av ein teknisk plattform innan rimelig tid, så vil prosjektgruppa bruke resterande arbeidstid på å utforske og realisere funksjonar som understøttar (slutt-)brukar tenestar – på ny plattform med aggregatet av bibliografiske data.

Ein skal ikkje undervurdere arbeidet med å etablere dette aggregatet av bibliografiske data, da fleire relevante informasjonselement manglar og dermed må etablerast.

5 Produkt frå prosjektet

Produkt	Skildring
Interessentanalyse	Ein prioritert oversikt over kven prosjektet har valt å fokusere på, ved etablering av BIBSYS Bibliotekbase i Semantisk Web
Brukstilfeller	Liste med detaljerte brukstilfeller som prosjektet søker å realisere, prioritert etter antatt viktighet for at prosjektet skal bli oppfatta som ein suksess
Informativt skriv	Prosjektet skal levere ein artikkel eller liknande som forklarar Semantisk Web sin relevans for fag- og forskingsbibliotek
Informasjonsressursar	Ein oversikt over kva informasjonsressursar som finnast i UH-biblioteka og vise korleis desse kan knytast til den Semantiske Web
Pilot	Det skal realiserast ein pilot som viser Bibliotekbasen med nokon utvalte ressursar knyta til Semantisk Web
Sluttrapport	Prosjektet skal lage ein rapport som ledande personer kan nytte for å slutte vidare arbeid innan dette området

6 Avgrensing og flaskehalsar for prosjektet

Prosjektet har eit utforskande fokus og skal kunn identifisere å klargjere kva som er ønska og nødvendig leveransar for produksjon – piloten tar ikkje mål av seg å realisere alle behov. Piloten vil danne grunnlag for ein framtidig produksjonsløyning. Det blir antatt at det vil krevje meir arbeid å få piloten til å bli ein produksjonsklar plattform, som kan understøtte nye sluttbrukar tenestar.

6.1 Avgrensingar

Avgrensing	Skildring av avgrensing	Grunngjeving for avgrensing
Utforske problemdomenet	Fokus på å identifisere og beskrive kva som er ønska og nødvendig	Omfanget blir for stort jamfør budsjett og tilgjengelig kompetanse til å utdjupe alle delar av problemdomenet på ein fullgod måte.

Pilot	Piloten vil vise kva og korleis Bibliotekbasen vil kunne vere ein del av Semantisk Web	Piloten skal utforsk og vise moglegheiter. Den skal gi eit grunnlag som det kan byggast vidare, med tanke på produksjonsetting. (Den er ikkje ein prototyp, meint forkasta!)
Brukstilfeller	Det blir definert nokon relevante brukstilfeller (i leveranse 2). Prosjektet søker å vise mest mogleg av ein framtidig løysning, på flest mogleg av dei dokumenterte brukstilfeller – da vil ferdigstilling bli nedprioritert.	For mange av brukstilfeller så manglar vi (spesielt autoritets-) data og det blir oppfatta som viktigare å gjer litt på mange, enn alt på få brukstilfeller – da det overordna målet med prosjektet er å bygge kompetanse.

6.2 Flaskehalsar

Flaskehals	Kort skildring av flaskehals	Prosjekteigar/systemeigar	Handtering av flaskehals
Mangel på kompetanse	Eit delmål med prosjektet er å bygge kompetanse innan fagområdet	Nærmaste leidar til kvar enkelt prosjektdeltakar	Ingen tiltak, utover å utnytte høver som måtte oppstå til å bygge kompetanse innan området. Til dømes å delta på konferansar/kurs
Alma	Overgang til nytt biblioteksystem medfører redusert tilgang på relevant kompetanse.	BIBSYS Leining	Ikkje planlegge med bruk av andre BIBSYS personar enn Asbjørn og Jan Erik.
Tilgang til inn leid konsulent (med rett kompetanse)	Prosjektet har kort leveransefrist og det er ynskkelig med konsulentar med stor grad av spisskompetanse.	Prosjektleder	Ferdigstille leveranse 2 (brukstilfeller) før sommarferien og sende ut bestilling tidlegast mogleg. Så søke ein god dialog med konsultentselskap om ein rask og kvalitativ god leveranse.
Samhandling i prosjektgruppa (oktober - desember)	Når den første leveranse av piloten er på plass, så skal vidare arbeid primært omhandle innhaldet i piloten (data). Optimal utnyttinga av konsulenten krev stor	Prosjektleder og nærmaste leidar til kvar enkelt prosjektdeltakar	Alle involverte parter bør prioritere dette arbeidet, i denne korte intense perioden. Slik at vi får best mogleg utbytte av konsulenten og felles samarbeid om innhaldet i piloten.

	intensitet (i ein kort periode).		
--	----------------------------------	--	--

7 Vurdering av dei usikre sidene ved prosjektet

Truslar	Skildring	Uvisseverdi (S*K=R)	Reduserande tiltak
Manglande tilgang til kompetanse	Prosjektmandatet stadfester at det er eit mål å bygge nødvendig kompetanse	2*3=6	Leie inn ekstern kompetanse, både for å sikre leveranseevne og for å bidra til raskare og kvalitativ betre kompetansebygging blant prosjektdeltakarar
Manglande leveranse frå konsulent	Det er uklart i kor stor grad det budsjettert beløp strekker for å realisere ønsket leveranse og det henger tett saman med kompetansen og leveranseevne til konsulenten	2*3=6	Lagt inn i kriteriene at oppdraget til konsulenten kan avbrytast «ved behov» etter kvar leveranse. Ulempe at 1. leveranse er stor og vil ha forbrukt det meste av budsjett.
Manglande leveransekapasitet hjå BIBSYS	Overgang til nytt biblioteksystem kan medføre redusert evne til å prioritere andre arbeidsoppgåver	2*2=4	Prosjektleder er bevist utfordringa og søker å sikre leveransar med lav involvering av BIBSYS tilsette

8 Val av alternativt og kost/nytte-vurdering

8.1 Alternative løysningar/konsept

Det er identifisert hovudsakleg to aktuelle løysningar. Bouvet har ein løysning («Sesam») som Riksarkivet har tatt i bruk for å etablere KulturNAV og Deichmann har etablert ein eigen løysing. Piloten vil bli søkt etablert med utgangspunkt i ein av desse løysingane eller med element frå begge løysingane.

Det er ikkje heilt klart kva komponentar som er brukt i desse løysingane. Det er derfor enda uklart i kor stor grad dei overlappar. Prosjektet har i botn ein målsetnad om å dele data med omverda på ein open måte, derfor vil vi søke ein open plattform til piloten og slik legge til rette for vidare arbeid etter at prosjektet er avslutta.

BIBSYS sin manglande leveranse kapasitet innan systemutvikling, på grunn av leveransar til nytt biblioteksystem, er ein relevant faktor. Dermed må vi nytte innleidd personell, og da er Bouvet ein reell aktør. Det er undersøkt og avklart at det ikkje er ein mogleg vei å byggje vidare på Deichmann sin løysing.

Innkjøp blir søkt utført innan NTNU sin rammeavtale for systemutvikling.

9 Grov tidsplan og milepælar

Prosjektet skal levere 6 ulike leveransar, dette gir oss 6 naturlige milepålar som prosjektet kan planleggast rundt. Det er naturleg å starte med interessentanalyse (leveranse 1), brukstilfeller (leveranse 2) og oversikt over informasjonsressursar (leveranse 4). Desse gir grunnlaget for resten av leveransane.

Leveranse 5, som er piloten, er den mest arbeidskrevjande oppgåva, så den bør prosjektet starte på så raskt som mogleg. Sjølv om leveranse 1, 2 og 3 gir føringar, så er der nok av basis-arbeidsoppgåver som uansett må utførast – for å kunne levere ein pilot – prosjektet kan starte med desse oppgåvene.

Dei to siste leveransane er ein artikkel (3. leveranse) og ein sluttrapport (6. leveranse), det er naturleg å utsette start av desse til dei andre leveransane er så godt som fullførte.

Først må interessentar kartleggast (leveranse 1), så kan det utarbeidast brukstilfeller (leveranse 2) på kvar av interessentane som prosjektet oppfattar som viktige for at piloten (leveranse 5) skal bli ein suksess. Leveranse 4 er ein oversikt over kva informasjonsressursar UH-biblioteka har, med primær fokus på dei som har relevans for piloten, denne oppgåva kan prosjektet starte samtidig som arbeid med leveranse 1 og 5.

Dermed blir arbeidsoppgåvene fordelt i tid slik:

1. Det startes arbeid på leveranse 1, 4 og 5 samtidig.
2. Når leveranse 1 er ferdig, starter arbeid på leveranse 2.
3. Når desse leveransane nærmar seg slutføring, så startar arbeidet med artikkel (leveranse 3) og sluttrapport (leveranse 6).

Søknaden setter sluttdato for prosjektet ved utløpet av 2015, men Styringsgruppa har alt i første møte opna for at det skal søkast om utsetting til mars 2016. Første møte i prosjektet vart gjennomført før påske (27.03.2015) og arbeid på leveranse 1, 4 og 5 vil da starte omgåande. På andre prosjektmøte (19.05.2015) vart interessentanalysen (leveranse 1) godkjent av prosjektgruppa. På tredje prosjektmøte (25.06.2015) vart oversikten over brukstilfeller (leveranse 2) godkjent av prosjektgruppa.

10 Organisering, roller og ansvar

10.1 Prosjektorganisering

Bestiller	Jone Thingbø	BIBSYS
Prosjekteigar	Leiar av Styringsgruppa	
Styringsgruppe	Jone Thingbø (leiar)	BIBSYS
	Kari Rydving	UiB
	Unni Knutsen	UiO
	Rune Brandshaug	NTNU
	Ingrid Berntsen	UiT
Prosjektleiar	Jan Erik Garshol	BIBSYS

Prosjektdeltakara	Asbjørn Risan	BIBSYS
	Tarje Sælen Lavik	UiB
	Bengt Øieroset	UiT
	Kyrre Traavik Låberg	UiO
	Frode Pettersen	NTNU
	Jan Bjørndalen	Acando/Kantega

10.2 Skildring av rollene

Sett frå prosjektleiar så er det leiar av Styringsgruppa som er bestiller og eigar av prosjektet. Alt arbeid som skal utførast i prosjektet, må godkjennast av og nødvendige ressursar må stillast til rådighet.

Prosjektleiar handsamar den daglige aktiviteten i prosjektet, med mål om å oppfylle alle ynskje som ligger til grunn i prosjektsøknaden eller er gitt direkte igjennom Styringsgruppemøter.

Prosjektdeltakarane deltar og bidrar i prosjektet etter evne og pålegg frå sin nærmaste leidar (som sitt i Styringsgruppa).

11 Interessentar/Målgrupper

Leveranse 1 frå prosjektet er å etablere ein oversikt over ulike interessentar av Bibliotekbasen, da prosjektet har som målsetning å tilgjengelig gjere Bibliotekbasen på eit nytt format – så vil interessentane i leveranse 1 i stor grad samanfalle med interessentane til prosjektet.

11.1 Kommunikasjonsstrategi

Interessent	Bodskap	Kommunikasjonsform	Ansvarlig
Styringsgruppa	Status på framdrift, økonomi og oppdatert risikomatrise	Rapport, kvartalsvis	PL
Prosjektdeltakara	Møtereferat med aksjonsliste	Google Docs, ved behov	PL
Styringsgruppa, Prosjektdeltakara	Leveransar frå prosjektet	Google Docs, ved behov	PL

12 Budsjet

Prosjektbudsjetet er på NOK 1.690.000, likt fordelt mellom økonomisk støtte frå Nasjonalbiblioteket og arbeidstimer frå UBene og BIBSYS. Rekna om i årsverk svarar dette til om lag 1,3 årsverk.

12.1 Finansiering

Økonomisk stønad frå Nasjonalbiblioteket er på NOK 845.000. UBene bidrar med arbeidstimer med kostnad på NOK 875 i same omfang, om lag 966 timar.

12.2 Planlagde kostnader

Prosjektgruppa vil bestå av personar frå alle delar av landet, når «dei fire» UBene skal bidra. Dermed vil gjennomføring av prosjektmøter vere ein kostbar arbeidsform som må nyttast i lite omfang. Når prosjektgruppa først møtes så ynske gruppa å ha møte over to daga. Da kompetanseheving er ein prioritert aktivitet i prosjektet så vil desse møte bli lagt til ELAG (8-11 juni), Munin konferansen (30-1 desember) og BIBSYS Konferansen (15-16 mars). Andre møter tar vi når der er praktiske behov, som møte med Deichmann og Riksarkivet.

Vist vi tar som utgangpunkt at vi skal ha fysiske møter hjå dei ulike institusjonane som deltar i prosjektet (UIB, UiO, UiT og NTNU/BIBSYS) og prosjektgruppa er på 5 personar, som må gjennomføre 5 flyreiser og prosjektet dekkjer NOK 5000 per reise, per person, så blir det **om lag NOK 125.000**. Refusjon av reiseutgifter blir utført av UiB. Det er planlagt følgjande reise i prosjektgruppa:

1. Etablering av prosjektgruppa, Oslo - Blindern, 27. mars 2015
2. Møte med Deichmann, Oslo - Nasjonalbiblioteket, 19.-20. mai 2015
3. ELAG, Stockholm, 8.-11. juni 2015
4. Munin konferansen, Tromsø, 30.-1. desember 2015
5. BIBSYS Konferansen, Trondheim, 15.-16. mars 2016

Der er grunn til å anta at prosjektet vil kunne pådra seg meir reisekostnader, som ikkje er tatt med:

1. Gitt val av Bouvet som konsulent selskap og val av løysning jamfør Riksarkivet sitt val – så er det nærliggande å gjennomføre arbeidet i Oslo/Stavanger – der er konsulentane med aktuell kompetanse lokalisert.
2. Det er ikkje tatt høgde for å møte Riksarkivet for erfaringsutveksling og avklare mulige samhandlingar – som der er grunn til å anta at vi vil kunne identifisere. Riksarkivet er lokalisert til Oslo. Løysninga (KulturNAV) er etablert av KulturIT, lokalisert til Lillehammer.
3. Prosjektgruppa har ikkje lagt noko møte til Bergen.

Vi tar som utgangpunkt at vi leiger konsulent bistand for **om lag NOK 400.000**. I mangel av ein detaljert kravspesifikasjon som kan estimerast, så er dette eit omfang i underkant av det Riksarkivet har som budsjett på sitt engasjement med Bouvet – for å realisere noko som ikkje er veldig ulikt det vi søker i dette prosjektet.

Eit mindre beløp må avsettast til å dekke kostnader knyttet til drift og vedlikehald av ein pilot hjå BIBSYS. Det er ikkje lagt nokon føringar på kor lenge denne piloten skal driftast eller kva form for brukarstøtte og vedlikehaldsregime den skal ha – dermed avsett prosjektet eit vekeverk til dette formål, **om lag NOK 35.000**.

Prosjektleiar kostnader jamfør budsjett i søknaden er satt til **NOK 100.000**. Annen arbeidsinnsats frå BIBSYS vil timeførast under Biblioteksystem konsortiet, og slik ikkje framkomme i dette prosjektregnskapet. Denne posten vil også dekke kostnader hjå UIB knytt til administrasjon av søknaden til NB og utbetaling av stønad, med NOK 20.000.

Det bør vurderast om prosjektet skal delta på ein større konferanse innan fagfeltet, til dømes «International Semantic Web Conference», som bli arrangert 11-15 oktober (veke 42) i Pennsylvania. Kunn delar av programmet er klart og kan lesast på <http://iswc2015.semanticweb.org/program>. Så langt er 24 «workshops» og 8 «tutorials» på plass.

Styringsgruppa ber prosjektgruppa ,den 5. juni, å søke gjennomføring av ein workshop i Norge, der vi trekk til oss relevant fagkompetanse. Dette er diskutert på prosjektmøte den 25. juli og i møte med Nasjonalbiblioteket den 15. juli. NB anbefaler at vi tar i bruk epostlisten til NNG (Nordisk Networking Group – gamle SVUC) for å understøtte etablering av faglig samhandling i Norden. Det vil bli arbeidet vidare med denne oppgåva, på møte i august. Det vil da også bli søkt å estimere ein kostnad ved gjennomføring, basert på ønska innhald og utbytte med ein slik workshop.

Prosjektgruppa ynske å bidra til å auke kompetansen i sektoren ved å arrangere ein workshop på måndag 14. mars 2016, dagen før BIBSYS Konferansen. Innhald og andre detaljar må avklarast på eit seinare tidspunkt, men intensjonen er å vise korleis leverasen frå prosjekt kan nyttast av biblioteket. Det blir reservert eit møterom i storleik 20-30 personar på konferansehotellet, så snart dette blir valt. Kostnadane ved eit slikt arrangement er antatt å ligge på om lag 7000 for møterom og om lag 600 per person. Vi planlegg å dekke antatt kostnad på om lag NOK 25.000 ved å ta NOK 1000 i brukarbetaling. Reiseutgifter for prosjektdeltakarane er inkludert i post 1 i budsjettet. Det skal søkast alternativ gjennomføring for å redusere kostnader i samhandling med NTNU.

Det er uttrykt ynske om at drift av piloten skal kunne gjennomførast gjennom ein kommersiell sky-leverandør. Da teknisk løysning ikkje er valt, så er det uklart om dette er eit kostnadsdrivande element eller ikkje, for etablering av denne piloten. Der er ein vesentlig risiko for at BIBSYS ikkje vil ha kapasitet til å kunne ta eit langsiktig driftsansvar, da det for tida er uklart kva kapasitet som vil bli bevart etter overgang til nytt biblioteksystem. Inntil vi har betre innsikt i denne problemstillinga, så har vi lite grunnlag for å estimere noko omfang. **Sett av NOK 25 000.**

Nr	Planlagt kostnad	Omfang
1	Utgifter knyta til gjennomføring av fysiske prosjektmøte	125 000
2	Konsulentbistand	400 000
3	Drift og vedlikehald av pilot	35 000
4	Prosjektleiing og økonomi administrasjon	100 000
5	Workshop, 14. mars 2016	0
6	Sky-løysning	25 000
7	<i>Indisponert</i>	160 000
	Totalt	845 000

13 Toleransar

Prosjektleiari er pliktig til å halde Styringsgruppa informert om status i prosjektet igjennom kvartalsvise rapportar – som omtalt i punkt 11.1.

Prosjektleiari skal halde leiar av Styringsgruppa informert om alle avvik frå det som er fastlagt i dette dokument og andre dokumenterte føringar som måtte kome til Prosjektleiari igjennom deltaking i Styringsgruppemøte.

Prosjektledar kan avvike frå planen, etter at leiar av Styringsgruppa er rådspurt, om det er funnet naudsynt for å sikre tilstrekkelig framdrift eller rett leveranse kvalitet. Avvik skal grunngjevast og framkome i statusrapport til Styringsgruppa.

14 Kostnadsoverslag

Leveransane frå prosjektet må detaljarast meir før det er relevant å kostnadsestimere dei.

15 Midlertidig regnskap

Det er ennå ikkje formelt regnskapsført noko kostnadar i prosjektet.

Vedlegg 2: Avslutta rekneskap

BIBSYS Bibliotekbase i semantisk web

NB ref. 2014/404

Sluttregnskap pr. 31.08.16

Nasjonalbiblioteket


Inntekter NB	845 000
Sum inntekter NB	845 000
Kostnader	
Lønn	701 315
Service, datautstyr	35 000
Formidling, konferansedeltakelse	108 685
Sum kostnader NB	845 000
Resultat NB	-

Egenandel

Inntekter BIBSYS	653 637
Inntekter UiB	63 788
Inntekter UiO	63 788
Inntekter UiT	63 788
Kostnader	
Lønn BIBSYS	653 637
Lønn UiB	63 788
Lønn UiO	63 788
Lønn UiT	63 788
Sum kostnader UiB	845 000
Resultat UiB	-

Sum inntekter totalt	1 690 000
Sum kostnader totalt	1 690 000
Resultat totalt	-

Regnskapstallene pr. 31.08.16 er bekreftet av,


Administrasjonssjef
Marie Morken

Prosjektet er støtta av Nasjonalbiblioteket med 845 000 kr.			
Prosjektdeltakarane er forplikta til å bidra med ein tilsvarande sum.			
Prosjektet har gjennomført følgande møter:			Antall deltakere
27. mars frå kl 10 til 15, i Oslo			4
19. mai frå kl 10 til 16, i Oslo			4
20. mai frå kl 9 til 15, i Oslo			4
25. juni frå kl 10 til 12, på Web			3
28. januar frå kl 10 til 15, i Oslo			4
29. januar frå kl 9 til 15, i Oslo			4
14. mars, frå kl 10 til 15, i Trondheim			4
		Dagsverk	27
(Dagsverkene over er eksklusiv BIBSYS, da dei blir dekt av timekost)			
Det har vore krav om å forberede seg til møta og krav om etterarbeid.			
Det er derfor ikkje urimelig å rekne med noko tidsforbruk. Deltakarane			
er dei same, omfanget varierer stort. Det er rimelig å anta at kvar			
møtedeltakar har nytta ca			timer per 3 møtedag.
		Dagsverk	10.80
Prosjektdeltakarane bor på ulike stader, så noken må reise til alle møter.			
Lønnskostnad knytt til reise er ikkje rekna med, kun møtetid.			
For enkelt skyld så nyttar eg 7,5 timar per dagsverk og BIBSYS sin			
timepris for ekstern fakurering		900	Kr
Lønnsutgifter tilknytt prosjektmøter			255,150 kr
BIBSYS har i 2015 reknskapsført		549.5	tima eigeninnsats,
justert for prosjektleiar bistand frå prosjektet på 77 215 kr så har dette			
belasta BIBSYS Biblioteksystemkonsortie med			417,335 kr

BIBSYS har i 2016 reknskapsført (minst!)		191.7	tima eigeninnsats.
BIBSYS Biblioteksystemkonsotie bidrar da med			172,530 kr
Totalt har BIBSYS Biblioteksystem med partnere dermed bidratt med			
eigeninnsats på	845,000 kr	iløpet av prosjektperioden.	
Av dette			
UiB		47,841 kr	
UiO		47,841 kr	
UiT		47,841 kr	
NTNU		47,841 kr	
BIBSYS		653,637 kr	
SUM		845,000 kr	

Leveranse1:
**“Alle aktuelle interessentar av
Bibliotekbasen i Semantisk Web”**

“BIBSYS Bibliotekbase i Semantisk Web”

Føringar fra prosjektsøknad og styringsgruppa

I prosjektsøknaden til Nasjonalbiblioteket er det listet opp ein del aktuelle interessentar. Styringsgruppa ber prosjektgruppa ta utgangspunkt i den lista og vurdere om der er andre interessentar som bør følgjast opp av prosjektet. Det blir spesielt framhevet interessentar innan næringslivet, som forlagsbransjen og nettstadar som bokelsker.no.

Leveransen skal innehalde ein kort omtale av kvar interessent som forklarar korleis prosjektet har prioritert og korleis denne interessenten eventuelt skal bli fulgt opp av prosjektet.

Interessentanalyse

Ein interessent er personar og organisasjonar som blir påverka av prosjektet, både i positivt og negativt forstand. Alle interessentar har ulike oppfatningar av kva som er problemet og kva som er gode eller dårlige løysningar - dette må prosjektet handsame på ein god måte.

God oppfølging av alle interessentar tar for mykje tid og alle interessentar er ikkje like viktige for prosjektet - derfor blir prioritering av interessentar veldig viktig. Det er prosjektet sitt ressursforbruk på den enkelte interessent som blir prioritert - ikkje interessenten. Det er viktig å identifisere alle støttespelara, men også bli klar over eventuelle motstandara som prosjektet måtte ha. Med god kommunikasjon og oppfølging kan også dei bli støttespelara.

Høgt prioriterte interessentar

Dette er interessentar som må følgjast opp, for at prosjektet skal bli oppfatta som ein suksess. Alle interessentene med høg prioritet har som deloppgåve å informere allmenheita, denne blir derfor ikkje handsama særskilt.

Nasjonalbiblioteket

Det viktigste prosjektet kan levere til NB er:

1. Ein publiseringsplattform for bibliografiske data, der data er tilpasset bruk i den Semantiske Web
2. Autoritetregister slik at bibliografiske data i den Semantiske Web får høy kvalitet og bruksverdi, da spesielt:
 - a. Person med god integrasjon til ISNI og VIAF
 - b. Etablere Verk
 - c. Tilrettelegge for at også eventuelle emnesystemer/-registre kan handsamast i autoritetregisteret

Nasjonalbiblioteket finansierer ein stor del av prosjektet, og er representert i prosjektgruppa ved Elise Conradi. Det er viktig at vidare arbeid i prosjektet blir godt forankra i ledelsen ved Nasjonalbibliotek.

